



Saksframlegg

Endring av reiselengde for Polentur i 10.klasse

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Dokument i saka:

Vedlegg

- 1 Søknad om ekstra dag til Polentur 2027
- 2 Kort oppsummering Polentur FAU 2025

Bakgrunn for saka:

FAU tok opp Polenturen med skuleleiinga hausten 2023. Det vart konkludert med at ein ynskte ei evaluering av konseptet knytt til krevjande erfaringar frå tidlegare klasser kring økonomi og samarbeid. Polenturkonseptet har vore tema på fleire møte i FAU, Elevråd, Foreldremøte og SU/ SMU skuleåret 2023/2024 og 2024/2025.

Skulen fekk i oppdrag utarbeide kunnskapsgrunnlaget i saka i tett samarbeid med FAU.

Følgjande vedtak i kommunestyret - 19.06.2025 ligg til grunn for framtidige Polenturar.

- Fyresdal kommune betaler 80 % av billettprisen for elevene.
- Resterende 20 % av billettprisen samles inn av foreldre og elever med dugnad.
- Kommunen dekker ikkje enkeltrom. Det skal brukes dobbelt- eller flermannsrom for elever.
- Reisen skal være på 7 dager.
- Det skal være dagstur til Auschwitz-Birkenau i løpet av turen.
- Skolen skal endelig beslutte innholdet på turen, og alle andre sider ved turen.
- Innhold på turen skal legges opp med tanke på inkludering.
- Foreldre oppfordres til å delta på turen, da innspill fra tidlige reisende, både elever og foreldre, mener at dette er med på å gjøre turen til en god opplevelse for elevene.
- Det oppfordres til at foreldre og elever også jobber dugnad for å skaffe lommepenger til elevene, og til foreldrenes billetter.
- Turen til Polen kan velges bort av foreldregruppen dersom man av forskjellige årsaker ikke ønsker turen arrangert for sin klasse.
- Det settes av 200 000 kroner i budsjettet for turen

Vedtaket frå kommunestyret vart gjennomgått i FAU/SU/SMU i oktober 2025. Det har kome spørsmål frå fleire klasser om innhaldet i vedtaket er absolutt. Skulen har vore tru mot vedtaket og opplyst vedtaket skal ligge til grunn for planlegging og gjennomføring av Polentur i 10.klasse.

Då varighet på reisa har komplisert innhald og fergealternativ har fleire ynskt å reise i 8 dagar framfor 7. Det vart i januar 2026 sendt ein førespurnad frå noverande 8.klasse om det var høve til å utvide med ein dag. Grunngeving ligg føre som dokument i saka.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Satse på tidleg innsats, inkludering og toleranse som førebyggjande tiltak, ha fokus på barn og unge si fysiske og psykiske helse og livsmeistring og legge til rette for god dialog med barn, unge og føresette.

Ved gjennomgang av vedtak I SU/SMU/FAU kom det fram ulike synspunkt. Det var semje om at det hadde vore bra at saka var oppe då den engasjera djupt i foreldre - og elevgruppene.

Fleirtalet var nøgd med at kommunestyret hadde lagt føringar og rammer for turen. Foreldra var godt nøgde med at kommunestyret sette av midlar til turen. Imidlertid var det framleis tydelege frontar mellom dei som ynskte tur og dei som tok til ordet for at det framleis krevjande med dei sosioøkonomiske skildande.

Det vart uttrykt frustrasjon om at utala frå FAU og den anonyme undersøkinga frå foreldrene hadde fått liten medverknad på utfallet av vedtaket. Einskilde meinte at politikarane ikkje hadde lytta til fleirtalet i undersøkinga som ynskte ei endring av turen og eit alternativ til å reise til Polen.

Aktive fredsreiser har vore i Fyresdal i to omgangar for å orientere om sitt konsept og inkludering av mangfaldet i elevgruppene. Dei kan tilpasse innhald og tilbod etter rammene frå det einskilde reisefylgje og i så måte oppfylle rammene i gjeldande vedtak.

Einskilde foreldre har uttrykt at dei framleis opplever det som eit press å delta på turen som foreldre og at dette har utfordringar med bakgrunn i tidlegare opplysingar i saka knytt til sosioøkonomiske skilnader. Då gjer kanskje ein lengre tur endå større vanskar for enkelte elevar og heimar.

I førespurnaden frå 8.klasse er det eit ynskje om å utvide turen med eit døgn for å kunne få besøkje to konsentrasjonsleirar i tillegg til dei to som er spesifikt nemnd i politisk vedtak. Eit anna aspekt er at ein ved å gjennomføre tur innanfor fastsett ramme må velje vekk noko av innhaldet ein har hatt i tidlegare turar då dei har vore på inntil 10 dagar. Val av ferje set og rammer for turen. 9.klasse har vald to ulike ferjeselskap for tilpasse reisa til innhaldet i turen.

Lengda på turen vart oppfatta som å vere ei avgrensing for at foreldre og føresette måtte ta ei veke fri frå jobb for å kunne delta. Ved å forlengje turen grunna praktisk innhald og reiselogistikk med ferjeavgangar og ulike ferjeselskap, utvidar ein tida foreldre må ta seg fri.

Det vart gjort ei brei sakshandsaming i den fyrste saka, då foreldra fekk medverke på fleire måtar. Dette vart også forsøkt tatt inn i saka ved at ein skisserte fleire alternativ.

Dei tydelege signala frå foreldre bør vege tungt i avgjerda med å ikkje leggje ytterlegare forventningar på foreldregruppa. I vedtaket er det oppmoda foreldre til å delta på turen.

Ved å eventuelt utvide reisetida skapast det ytterlegare forventningar til ei foreldregruppe som jamfør saksutgreiing ved førre handsaming har tydleg ulike føresetnader for å kunne vere deltakande på tur.

Kommunedirektøren ser argumenta for å utvide rammene for å endre på tidlegare vedtak, men meiner at argumentasjonen i saka gjer at ein ikkje bør tilrå å gjere det. Ved å opne for reforhandling av eit nyleg fatta vedtak skapar ein presedens for at vedtaket til stadigheit kan reforhandlast og skape diskusjon.

Konklusjon:

Rektor rår til at vedtaket står slik det er fatta grunna sosioøkonomiske skilnader i bygda. Klassene må kunne tilpasse innhald og varigheit til den ramma som ligg føre. Reiseselskapet kan tilpasse innhald etter turlengde. Kommunedirektøren er einig i rektor sin tilråding og konklusjon ut ifrå historikken i saka. Kommunedirektøren meiner at rammene for Polen tur som er laga er meir enn godt nok for å kunne arrangere slike turar.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Kommunestyret opprettheld dei rammene som tidlegare er vedteke.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Anders Bergsland
	rektor